



Alle dei vidaregåande skulane i Hordaland

Dato: 29.04.2014
Vår ref.: 2014/12056-3
Saksbehandlar: marhaa5
Dykkar ref.:

Auka gjennomføring i vidaregåande opplæring. Søknad om midlar til lokale tiltak 2014-15

Prosjektet Ny GIV blei avslutta 31.12.2013, men innsatsen for auka gjennomføring held fram, både i Hordaland og nasjonalt. I Hordaland er *auka læringsutbytte og fullføring* hovudmål i styrings-dokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet. Tross mange tiltak i dei seinare åra, auke ikkje gjennomføringa i fylket i 2013.

I Tilstandsrapporten for 2012-13 er det sett opp ei rekkje tiltak for å styrke arbeidet med gjennomføring, mellom anna:

- Styrke tilbod ved skulestart i alle skular for:
 - Svakt presterande elevar frå ungdomsskulen
 - elevar som skårar lågt på kartleggingsprøver
 - elevar som gjer omval
- Etablere tilbod om intensivopplæring, t.d. før eksamen.
- Styrke organisering og pedagogikk i studieverkstader
- Tidleg innsats overfor elevar med høgt fråvær
- Styrke merksemda rundt overgangssluttarar – nytte avklaringsamtalar i skulane for å analysere årsaker
- Tiltak retta mot elevar på påbygg

Vi registrerer at mange skular har gode erfaringar med arbeid i studieverkstad. I vedlagte brosjyre har vi henta nokre utsegner frå lærarar og elevar som har deltatt i ulke tiltak, til inspirasjon for skulane. Sluttrapportar viser svært gode resultat med reduksjon i tal på sluttarar og ingen stryk/IV for elevar i studieverkstad.

Utdanningsdirektoratet deler også i år ut midlar til innsats mot svakt presterande elevar. Tiltak skal i hovudsak vere retta mot vg1-elevar med svake prestasjonar frå ungdomsskulen, både med låge inntakspoeng og med høgt fråvær.

Søknad om midlar frå skulane sendast til seksjon skule innan **1.juni 2014**.

Kontaktperson: Marianne Haaland; marianne.haaland@hfk.no

Søknaden skal innehalde:

Mål for tiltaket

Målgruppe og omfang

Kostnader totalt og fordelt på eigenandel og søknadsbeløp.

Basert på forkinga rundt gjennomføring i vidaregåande opplæring nasjonalt, vil vi ved handsaming av søknader frå skulane dette året leggje vekt på:

Andel elevar med låge inntakspoeng
Andel elevar med omval
Tal på elevar som ikkje kom inn på sitt 1.val
Tal på minoritetsspråklege elevar

Vi minner om frist for rapport for gjennomførte tiltak i skuleåret 2013-14 **30.juni 2014**. Rapporten skal omfatte:

- Innhald i tiltaket
- Omfang – kor mange deltok fordelt på kjønn
- Kva var resultatet

Med helsing
Svein Heggheim
Fylkesdirektør for opplæring

Linda Farestveit
Leiar seksjon skule

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.